

Påmeldingsskjema

Nasjonal tevling for husflid, handverk og design 2025

Kontaktinfo utøvar

*Namn:	*Fødselsår:
*Adresse:	*Poststad:
*Telefon:	*E-post:

*Alle felt merka med raud stjerne MÅ fyllast ut. Skriv tydeleg.

*Kategori	*Klasser – sett kryss				
Tre	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Handverk	<input type="checkbox"/> Formgjeving		<input type="checkbox"/> Open klasse
Tekstil	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Handverk	<input type="checkbox"/> Formgjeving	<input type="checkbox"/> Trad.tekstil	<input type="checkbox"/> Open klasse
Sylv	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Handverk	<input type="checkbox"/> Formgjeving		<input type="checkbox"/> Open klasse
Keramikk	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Handverk	<input type="checkbox"/> Formgjeving		<input type="checkbox"/> Open klasse
Smiing	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Eggverktøy/ verktøy	<input type="checkbox"/> Kunstsm. /eksp.form		<input type="checkbox"/> Open klasse
Kniv	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Brukskniv	<input type="checkbox"/> Påkosta brukskniv	<input type="checkbox"/> Staskniv	<input type="checkbox"/> Open klasse
Rosemåling	<input type="checkbox"/> Rekrutt	<input type="checkbox"/> Trad.rosemåling	<input type="checkbox"/> Lasering/ dekormåling		<input type="checkbox"/> Open klasse

Opplysingar om arbeidet – sjå eigen rettleiing for meir info om kva vi treng av utfyllande informasjon.

*Kva leverar du? (Teknikk + gjenstand)	*Produksjonsår	*Verdi
*Materialval		
*Teknikkar - ev. bruk av maskiner skal nemnast		
*Kort arbeidsbeskriving (bruk gjerne eige ark)		
Form og/ eller funksjon		

Andre sentrale opplysningar

--

Medprodusent – dersom fleire personar har bidratt til ferdig produkt

Namn	
Adresse	Poststad
Telefon	E-post
Kort arbeidsskildring av bidrag (vektleggast ikkje i dømning)	Eventuelle andre opplysningar
Leverer medprodusent eget påmeldingsskjema for dømning av sitt bidrag?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Ønsker medprodusent å oppgis ved namn i utstillinga?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

*Skal arbeidet hentes eller sendes tilbake pr post?	<input type="checkbox"/> Hentast	<input type="checkbox"/> Sendast
*Eg samtykker til reglementet for tevlinga (sjå eige skriv)	<input type="checkbox"/> Ja	
*Eg samtykker til at Dyrsku'n kan dele kontaktinformasjon til potensielt interesserte gjester	<input type="checkbox"/> Ja	

PÅMELDING- OG INNLEVERINGSFRIST 15.AUGUST

Sendast til: Dyrsku'n Arrangement AS, /Husflid,
Nordbygdivegen 60, 3840 Seljord
Telefon, Sentralbord: 35 06 57 70

E-post: husflidsutstillinga@vtm.no

Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål kring levering og utfylling

Utfylling av påmeldingsskjema

Eit utfyllande og korrekt utfylt skjema vil gje sterkare grunnlag for rettvis dømning. Her kjem ei rettleiing til utfylling av påmeldingsskjema.

- **Kategori/klasse:** Set kryss ved kategorien og klassa du ynskjer å delta i. Maks ei klasse per gjenstand.
- **Kva leverer du? (teknikk + gjenstand)** *Skriv* teknikk eller fagområde innan feltet og type gjenstand du leverer, døme: «treskjært skrin, bolle i pølseteknikk, skillbragdsåkle i lin»
- **Produksjonsår:** Arbeidet må vere utført og ferdigstilt i løpet av åra 2024 – 2025.
- **Verdi:** Kva er salsverdien av produktet? Naudsynt dokumentasjon dersom arbeidet sendast i posten.
- **Materialval:** Gje ei fullstendig liste over dei materiala som er nytta i arbeidet ditt, og grunngje vala dine.
- **Teknikkar:** Forklar kva for teknikk/teknikkar arbeidet er laga i. Døme: broderi, vev, dreining, smiing, m.m. Dersom særskilde teknikkar er bruka, bør de gjere greie for dei. Dersom det er gjort bruk av maskinelt verktoy skal dette og nemnast.
- **Kort arbeidsskilddring:** Gje ein kort omtale av arbeidsprosessen din. Dersom det er behov, må du gjerne bruke baksida av skjemaet eller eit eige ark.
- **Form/ funksjon:** Her kan du sei noko om val knytt til form og/ eller funksjon.
- **Andre sentrale opplysningar:** Fyll inn utfyllande bakgrunnsopplysningar om arbeidet som er tydnadsfulle i dømmeprosessen. Dette kan vere om mønsterbruk, rekonstruksjonskjelder, rettleiarar og andre som har vore involvera i prosessen. Legg ved skisser, prøver m.m. Bruk baksida av skjemaet eller eige ark om naudsynt.
- **Skal arbeidet hentast/sendast:** Skriv om arbeidet vert henta eller om det skal sendast. Arbeid som ikkje vert henta, vil bli sendt som Norgespakke i posten. Større arbeid må hentast. Ta kontakt ved eventuelle spørsmål om dette.
- **Medprodusent:** Oppgje opplysningar dersom medprodusentar har deltatt i arbeidet.

Kva klasse høyrer arbeidet heime?

Dommaraskjemaet som dommarane brukar under dømning er utforma og tilpassa klassa det vert stilt i. I dei ulike klassene vil dommarane vektlegge ulike faktorar. Utøvar vel sjølv kva klasse produktet skal stillast i, men enkelte kriterium føreligg:

- **Rekruttklassa:** er for elevar, studentar, lærlingar og elles andre som er i ein læresituasjon.
- **Open klasse:** Denne klassa er for dei produkta som ikkje passar inn i dei andre klassene.

- **Formgjeving:** I klassa for formgjeving må utøvaren ha vore med i prosessen frå idé til ferdig arbeid. Dette kan dokumenterast gjennom skisser, foto, utprøvingar, m.m. I formgjevingsklassa vil form og komposisjon bli vektlagt høgt.
- **Handverk:** I klassene for handverk er det ikkje sett krav til at utøvaren skal ha komponera mønsteret/malen til arbeidet sjølv. Teknisk utføring har ei sterk vekting i denne klassa.
- **Tradisjonstekstil:** Denne klassa er for t.d. bunader, flate tekstilar, kopiar av museumsgjenstandar og andre tradisjonelle tekstilar. I denne klassa må dokumentasjon leverast. Med dette meinast bakgrunn for produkt i form av mønster, rekonstruksjonskjelde og eventuelle viktige personar som ligg til grunn for tradisjonstekstilet oppgjævast. Det bør kome tydeleg fram kva eventuelle val som gjerast av utøvar og kva som er tatt utgangspunkt i tradisjon. (Mønster, arbeid ein har henta inspirasjon frå osv). må leverast i klassa for tradisjonstekstil.
- **Staskniv:** Ein tradisjonell kniv og slire som i utføring og utsmykking, berekna til bruk til bunad eller anna festantrekk.
- **Brukskniv:** Ein tradisjonell eller moderne kniv og slire med stort og allsidig bruksområde. Ein kniv som kan brukast til normalt turliv og generelt arbeid. Treslag som skaftmaterial er valfritt.
Skaftmateriale er valfritt, men skal ikkje vere av stein, mammut, kvanttann eller andre eksotiske materialar. Skaftet skal ikkje ha holk med dekor eller anna form for dekor. Skaftet kan ha tynne lamellar og andre materialar som delar skaftet. Slira skal vere utan metallbeslag.
Bladet kan vere laminert eller heilstål utan gravering og dekor.
Bladet kan ikkje vere damask eller mønster smidd.
- **Påkosta brukskniv** Ein kniv med eigenskapar som en brukskniv, men kniv og slire som er betydeleg påkosta. Knivmakar kan fritt velje materialar til kniv og slire. Skaftmaterialar er valfritt, der ein kan også velje mammut, kvanttann og andre eksotiske materialar. Fritt val av dekor på skaft. Bladet kan være damask, heilstål eller laminert. Fritt val av gravyr og dekor. Fritt val av gravyr og dekor på slire.
- **Knivblad:** Sjølvsmidd knivblad, der dommarane vurderar laminering og kornstorleik. Det må leverast eit knivblad til knekking per knivblad. (Dette gjeld ikkje for damasksmidde blad).

Reglement - Nasjonal tevling i husflid, handverk og design, Dyrsku'n 2025

Nasjonal tevling i husflid, handverk og design har mål om å synleggjere og styrke husflid, handverk og design for eit stort publikum. Det oppmuntrast til bruk av miljøvenlege, etiske og kortreiste materialar.

Reglement

1. Arbeid må påmeldast av utøvar. Medprodusentar må dokumenterast. Utøvar må oppgi namn og rolle til alle involverte. Medprodusent kan levere separat påmeldnig.
2. Arbeid må vere ferdigstilt i 2024-2025 og vise høg kvalitet.
3. Tidlegare utstilte arbeid kan delta, men ikkje i liknande tevlingar.
4. Eitt arbeid til vurdering kan berre delta i éi klasse.
5. Dømming er endeleg, unntatt ved tekniske feil.
6. Utøvar må dokumentere prosessen gjennom skisser, foto eller forklaringar. Rekruttklassa må oppgi rettleiars rolle og bidrag.
7. I opne klasser og formgjevingsklasser, må utøvar stå frå heile prosessen frå idè til ferdig produkt. Dokumenterast skriftleg og gjerne med skisser, prøver, mønster etc.
8. Tradisjonstekstil krev eigen dokumentasjon som bakgrunn, mønster og inspirasjon.
9. I eggverktøyklassa må eit knivblad sendast inn for knekking.
10. Maks tre arbeid per klasse per deltakar. Kategoriar med færre enn tre deltakarar utgår.
11. Brot på reglement kan føre til diskvalifisering.

Kategoriar og klasser

Tre

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, open klasse

Tekstil

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, tradisjonstekstil, open klasse

Sylv

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, open klasse

Keramikk

Klasser: Rekrutt, handverk, formgjeving, open klasse

Smiing

Klasser: Rekrutt, eggverktøy/verktøy, Kunstsmiing/ eksperimentell form, open klasse

Rosemåling

Klasser: Rekrutt, tradisjonell rosemåling, lasering/ dekormåling og open klasse

Kniv

Klasser: Staskniv, brukskniv, påkosta brukskniv, open klasse

Praktisk informasjon

Deltakaravgift: 370,- (inkluderer dagbillett på 260 kr).

Innlevering: Arbeid kan sendast til eller leverast i Seljord (sjå kontaktinformasjon under).

Forsikring: Mottatte produkt i Nordbygdivegen 60 er forsikra av arrangør.

Utstilling: Arbeid i tevling stillast ut under Husflidsutstillinga i eigna omgjevnader.

Marknadsføring: Bilete av arbeida kan brukast i marknadsføringssamanheng.

Påmelding og Levering

- **Skjema:** Eit skjema per arbeid. Oppgi kategori, klasse og teknikk.
- **Frist:** 15. august 2025.
- **Levering:** Arbeid kan leverast personleg eller sendast som Norgespakke. Sjå adresse nederst.
- **Premieutdeling:** 21. september i Stor-Teltet ved hovudinngangen. Utdeling av premiar og stipend med musikalske innslag. Info om tidspunkt kjem.

Dommarprosess

Produkta dømmast individuelt og vurderast etter klassekriterium. Form, funksjon og teknikk vil bli vektlagt, alt etter kva klasse det leverast i. Norges Husflidslag har fagansvar for tevlinga og dommarar med brei fagkompetanse blir brukt.

Arbeid som deltek på tevlinga stillast ut i den årlege husflidsutstillinga.

Kontakt oss for meir informasjon:

Post og besøksadresse: Dyrsku'n AS, Nordbygdivegen 60, 3840 Seljord

E-post: husflidsutstillinga@vtm.no

Telefon, Sentralbord: 35 06 57 70

Utfylling av påmeldingsskjema

Treng du rettleiing til korleis utfylle påmeldingsskjema? Sjå nedst i påmeldingsskjema eller ta kontakt med oss.